



DET KONGELEGE
KOMMUNAL- OG DISTRIKTSDEPARTEMENT

Statsråden

Stortingets presidentskap
Ekspedisjonskontoret
0026 OSLO

Dykkar ref

Vår ref

Dato

22/6843-2

25. oktober 2022

Spørsmål til skriftlig besvarelse nr. 187 fra stortingsrepresentant Eirik Læe Solberg til kommunal- og distriktsministeren

Spørsmål:

Jeg tillater meg å stille følgende spørsmål til skriftlig besvarelse til kommunal- og distriktsministeren: I NOU 2022:10 Inntektssystemet for kommunene foreslås endringer i kommunenes inntektssystem. Hvordan vil de foreslåtte endringene påvirke inntektene til Oslo kommune sammenlignet med dagens situasjon dersom de gjennomføres, og kan det bes om en gjennomgang av hvordan de viktigste endringene påvirker Oslo kommune (også som fylke) og et beløpsmessig anslag på hvordan endringene samlet ville påvirket inntektene til Oslo kommune sammenliknet med dagens inntekter?

Svar:

Inntektssystemutvalet har nyleg lagt fram sine tilrådingar til endringar i inntektssystemet for kommunane i NOU 2022: 10 *Inntektssystemet for kommunane*.

Utvalet har lagt fram ein rekkje tilrådingar, blant anna endringar i kostnadsnøkkelen, dei regionalpolitiske tilskota, samt endringar i samansetninga av kommunane sine skatteinntekter, og kva for inntekter som skal utjarnast mellom kommunane. Utvalet har ikkje vurdert inntektssystemet for fylkeskommunane.

Utvalet viser anslag på fordelingsverknader av desse forslaga i sin rapport, og eg viser her til dei utrekningane utvalet har gjort. I anslaga på fordelingsvirkningane har utvalet teke utgangspunkt i statsbudsjettet for 2022, med unntak av endringane knytt til skatt, der det i hovudsak er nytta tal frå 2019. I kolonne 1 i tabellen under står verknaden av utvalet sine tilrådingar om endringar i skatteelementa i inntektssystemet. I kolonne 2 står verknaden av utvalet sine tilrådingar om endringar i dei regionalpolitiske tilskota. I kolonne 3 står verknaden

av utvalet si tilråding om å avvikle tilskotet fordelt per grunnskole. I kolonne 4 står verknaden av utvalets tilråding om ny kostnadsnøkkel. I kolonne 5 blir eit anslag på den samla fordelingsverknaden for Oslo kommune vist. Med utvalet si tilråding, er anslaget at Oslo vil få auka inntektene sine med 787 kroner per innbyggjar.

Kommunar som taper på endringar i inntektssystemet vil kome inn under inntektsgarantiordninga (INGAR). Denne ordninga vil isolert sett avgrense fordelingsverknaden av endringane til maksimalt 400 kr per innbyggjar det første året etter innføringa. Endringar knytt til skatteelementa i inntektssystemet, samt veksttilskotet, regionsentertilskotet, skjønstilskotet og saker med særskild fordeling, er ikkje ein del av inntektsgarantiordninga. Alle kommunar er med på å finansiere inntektsgarantiordninga, med eit likt beløp per innbyggjar. I kolonne 6 blir verknaden av inntektsgarantiordninga det første året etter innføringa vist, dersom desse endringane hadde blitt gjennomført. I kolonne 7 blir den samla verknaden for Oslo kommune det første året etter innføringa vist, inkl. verknaden av inntektsgarantiordninga.

Kommune	Fordelings- virkninger av forslag til endringer skatt (kr pr innb)	Fordelings- virkninger av forslag til endringer regional- politiske tilskudd, inkl. økt innbygger- tilskudd (kr pr innb)	Fordelings- virkninger av avviking tilskudd fordelt per grunnskole (kr pr innb)	Fordelings- virkninger av utvalgets forslag til ny kostnads- nøkkel (kr pr innb)	Sum fordelings- virkning utvalgets forslag til endringer i inntektss- systemet (kr pr innb)	Inntekts- garanti- ordningen, år 1, inkl. finansiering (anslag, isolert effekt)	Anslag endrin- g år 1, inkl. isolert effekt INGAR (kr pr innb)
	kol. 1	kol. 2	kol. 3	kol. 4	kol. 5	kol. 6	kol. 7
0301 Oslo	-373	-9	125	1 043	787	-142	645

Utvalet si utgreiing blei i haust sendt på høyring. Høyringsfristen er 22. desember 2022. Departementet vil i det vidare arbeidet med inntektssystemet for kommunane gå gjennom tilrådingane frå utvalet, og ta med seg innspel frå høyringsrunda. Departementet tek sikte på å legge fram eit forslag til nytt inntektssystem for kommunane i kommuneproposisjonen for 2023.

Med helsing

Sigbjørn Gjelsvik